

Læreplan i vg3 målar- og overflateteknikkfaget

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 19. mars 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2022

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 målar- og overflateteknikkfaget handlar om å behandle flater på nybygg, eksisterande bygningsmasse og historiske bygg. Faget skal gjere lærlingane i stand til å vurdere overflater innvendig og utvendig og velje miljøvennlege materiale og ressurseffektive metodar i behandling av overflater. Faget bidreg til samfunnet gjennom å utdanne yrkesutøvarar som kan ta vare på inneklime, lette reinhald og smykke, verne og halde ved like overflater i bygg.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Vg3 målar- og overflateteknikkfaget skal bidra til engasjement når lærlingane målar bygningar med varige miljø- og energieffektive kvalitetar. Faget fremjar kritisk tenking og etisk medvit gjennom at lærlingane blir utfordra til å velje berekraftige materiale, verktøy og arbeidsmetodar. Effektiv og miljøvennleg ressursutnytting vil òg bidra til å fremje respekt for naturen og miljøet. Faget skal vidare bidra til kunnskap om pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren og om trepartssamarbeidet, der arbeidsgivaren, arbeidstakaren og myndighetene jobbar saman for å utvikle eit betre arbeidsliv. I tillegg fremjar faget forståing av kva verdi kulturelt mangfald har i bygg- og anleggsbransjen, gjennom at lærlingane deltek i dialog om og reflekterer over krav og forventningar til eit likeverdige og inkluderande yrkesfellesskap.

Kjerneelement

Sjiktoppbygging og produktsamansetjing

Kjerneelementet sjiktoppbygging og produktsamansetjing handlar om å planleggje overflatesystem og sikre herdeprosessar. Det handlar vidare om å byggje opp eit sjikt med compatible produkt frå inst til ytst, ut frå type overflate og ytre påverknad.

Innvendig og utvendig overflatebehandling

Kjerneelementet innvendig og utvendig overflatebehandling handlar om å fargesetje og behandle overflater i samsvar med bestillingar, arbeidsbeskrivingar, kravspesifikasjonar, standarder og toleransekrav. Det handlar òg om å velje og påføre miljøvennlege produkt med omsyn til ytre påkjenningar.

Helse, miljø og sikkerheit

Kjerneelementet helse, miljø og sikkerheit handlar om å identifisere og hindre situasjonar som er ein fare for liv og helse, i behandling av overflater som sikrar inn klima og lettar reinhald og vedlikehald. Dette kjerneelementet handlar òg om å risikovurdere arbeidet i samsvar med gjeldande regelverk og gjennomføre sikker jobbanalyse. Vidare handlar det om å bruke utstyr og maskiner i samsvar med gjeldande regelverk og om å arbeide i samsvar med gjeldande system og tiltaksplan for helse, miljø og sikkerheit. Kollegialt samarbeid om berekraftige og miljøvennlige løysingar er òg ein del av dette kjerneelementet.

Tverrfaglege tema

Berekraftig utvikling

I vg3 målar- og overflateteknikkfaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å velje materiale, verktøy og teknikkar som gir energieffektive og varige konstruksjonar. Vidare handlar det om å bruke maskiner og utstyr med tanke på det indre og ytre miljøet. Det handlar òg om å handtere avfall på ein måte som minimerer miljøavtrykket.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 målar- og overflateteknikkfaget inneber å lytte til og gi respons i spontan og førebudd samtale. Det inneber òg å bruke fagterminologi i kommunikasjon med andre og reflektere over og drøfte moglege val og løysingar, og tilpasse kommunikasjonen til mottakar og formål.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 målar- og overflateteknikkfaget inneber å bruke fagterminologi til å utforme tekstar tilpassa mottakar og formål. Det inneber òg å utforske og reflektere over faglege emne og problemstillingar, og å rapportere og dokumentere arbeid.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 målar- og overflateteknikkfaget inneber å finne og vurdere informasjon i ulike tekstar, arbeidsbeskrivingar, teikningar, brukarretteiingar, standarder og toleransstandarder og regelverk. Det inneber òg å samanlikne, tolke informasjon og trekkje faglege slutningar ut frå kjent og ukjent fagstoff.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 målar- og overflateteknikkfaget inneber å hente ut, beskrive og tolke informasjon frå talmateriale. Det inneber òg å rekne ut lengd, areal, volum og vekt i samband med arbeidsoperasjonen. Vidare inneber det å rekne ut radiusar, vinklar og fall og å gjere økonomiske utrekningar i samband med drift og pristilbod.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 målar- og overflateteknikkfaget inneber å bruke digitale ressursar til å drifte prosjekt, rapportere, dokumentere og kommunisere. Vidare inneber digitale ferdigheiter i faget å søkje etter og innhente informasjon og vurdere kor truverdig informasjonen er. Det inneber òg å vurdere og reflektere over eiga rolle på nettet og utøve god digital dømmekraft.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering vg3 målar- og overflateteknikkfaget

Kompetansemål

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- planleggje behandling av flater på nybygg, eksisterande bygningsmasse og historiske bygg, arbeide etter teikningar, beskrivingar og preaksepterte løysingar og vurdere kostnader, tidsbruk og miljøomsyn i arbeidet
- utarbeide framdriftsplanar, bestille og motta produkt, utstyr og mengder og kontrollere kvalitet og mengd i tråd med arbeidsoppdraget
- gjere greie for og bruke kvalitetssikringssystem, arbeide i tråd med gjeldande krav til helse, miljø og sikkerheit og toleransekrav og reflektere over konsekvensar av ikkje å følgje krava
- risikovurdere arbeidsoppdrag, gjennomføre ein sikker jobbanalyse og rapportere om uønskete hendingar
- velje, bruke og halde ved like verktøy og maskiner til ulike formål og med omsyn til kvalitet, funksjonalitet, miljø og økonomi
- arbeide etter regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforholdet i faget, og gjere greie for pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren og reflektere over krav og forventningar som blir stilte til eit likeverdig og inkluderande yrkesfelleskap
- arbeide i tråd med ergonomiske prinsipp og reflektere over konsekvensane av støveksponering og bruk av kjemikalium

- kjeldesortere og handtere kjemikalium etter gjeldande regelverk, følgje substitusjonsplikta, reflektere over konsekvensane av feilhandtering og iverksettje tiltak
- bruke verne- og sikringsutstyr og vurdere konsekvensane av feilbruk
- vurdere tilstanden til overflatene, byggje opp sjikt ut frå bruksområde og vurdere korleis det ytre og indre miljøet påverkar sluttresultatet og levetida til overflata
- drøfte og reflektere over korleis tradisjonelle målemetodar tek vare på eigenarten til faget og kulturtradisjonane
- vurdere eksisterande målingslag og velje målemetode som tek vare på eigenarten til underlaget
- utbetre underlaget før behandling og vurdere korleis kvaliteten på underlaget påverkar arbeidsprosessen
- bruke Natural Colour System, setje saman ulike fargar og vurdere korleis fargar påverkar bruksområdet, belysninga og harmonien til rommet
- bruke fagterminologi for å kommunisere med kundar, kollegaer og andre yrkesutøvarar og drøfte ulike løysingar som bidreg til å minimere miljøavtrykket og sikre ei effektiv ressursutnytting
- bruke ulike påføringsteknikkar og påføringsutstyr og vurdere konsekvensane av feilbruk
- restaurere og dekorere bygningar og vurdere korleis byggjeskikk og historia til bygget påverkar valet av produkt og metodar
- vurdere eigenskapane til overflata, påføre sparkel-, beis-, olje-, lakk- og målingssystem og gjere greie for korleis dei ulike produkta verkar saman og påverkar herdeprosessen
- setje opp glasfiberstrie, folie, tapet og overmålingstapet
- påføre membransystem og leggje og sveise golv- og veggbelegg i våtrom
- programmere og bruke robotar til overflatebehandling
- leggje teppe, fugefrie golv, banebelegg, LVT-stavar og flis i vinyl, velje metode og vurdere korleis bruken av lim, sparkel og avrettingsmassar påverkar sluttresultatet
- utføre grunnleggjande førstehjelp

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i vg3 målar- og overflateteknikkfaget når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i vg3 målar- og overflateteknikkfaget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare

læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

Vurderingsordning

Sluttvurdering

Før sveineprøva må alle som ikkje har følgd normalt opplæringsløp, ha bestått ein skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i faget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingssdel.

Opplæringa i vg3 målar- og overflateteknikkfaget skal avsluttast med ein sveineprøve. Alle skal opp til sveineprøva, som skal gjennomførast over minst fem yrkedagar.